

Hemsedal kommune

Møteprotokoll

Kommunestyret

Møtedato: 10.03.2011
Sted: Kommunestylesalen **Fra kl/til kl:** 19.00 – 22.30

INTERPELLASJON – IKT-HALLINGDAL

Det er store endringar på gang når det gjeld IKT i kommunane i Hallingdal. Ifølgje Hallingdølen og IKT-Hallingdal har vi fått firefelts IKT-motorveg inn i dalen. Det er positivt, det er viktig at IKT-verktøyet fungerer i den daglege drifta. På HBU er frie og opne løysingar bytta ut med Microsoft. Samstundes arbeider skuleprosjektet med felles programvare for alle skulane i dalen. I Hallingdølen kjem det også fram at leiar for IKT-Hallingdal ikkje har oversikt over dei økonomiske konsekvensane av alt dette. Alt dette er vedteke over hovudet på politikarane. Dette undrar meg, særleg i desse tronge økonomiske tidene.

Eg stiller derfor følgjande spørsmål til kommunestyret:

- Korleis kan administrasjonen la dette skje utan å lage ei politisksak?
- Korleis kan me som politikarar la dette skje utan å reagere?
- Valet av Microsoft på skulane kan føre til at foreldre blir tvinga til å halde seg oppdatert på det siste nye frå Microsoft. Blir ikkje dette prinsipielt feil når skulen skal vera gratis?

Martin Lindal, Hemsedal SV

Svar på interpellasjon frå Martin Lindal, Hemsedal SV.

IKT-Hallingdal er eit stort og vellykka samarbeidstiltak. Gjennom mangeårig satsning og utvikling har Hallingdalskommunane fått ein motorveg og arbeidsverkty me kan vera stolte av. Me er ein attraktiv region , og det gjev oss ei plattform for godt og effektivt samarbeid. IKT- Hallingdal er ei stor "bedrift" med eit betydeleg budsjett. Representanten Lindal stiller i interpellasjonen 3 spørsmål. Svaret på det andre spørsmålet må vera at det burde vera sjølvsgåt at kommunestyra har kunnskap om, og får saker med budsjett med prioriteringar og rekneskap for handsaming. Dette vil også tydleggjera kva som ligg i strategiske val,jamfør spørsmål 3.

Ordførar føreslår slikt vedtak

Hemsedal kommune ber om at IKT-Hallingdal sender framlegg til budsjett med handlingsplan til regionrådet som tilrår for handsaming i kvar kommune.

Rekneskap for IKT-Hallingdal vert sendt deltakarkommunane som melding.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til ordføraren sitt framlegg til vedtak.